

**Notat**Dato: 05.04.2016  
Arkivsak: 2015/3679-9  
Saksbehandlar: palklei

---

**Til:** Svein Leidulf Heggheim, Jostein Fjærestad, Arne Åsan, Bård Sandal, Per Morten Ekerhovd, Håkon Rasmussen, Ingrid Kristine Holm Svendsen

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Kvartalsrapportering 1 kvartal 2016**

Den økonomiske situasjonen for Hordaland fylkeskommune vert krevjande framover. Fylkesrådmannen vil sikre endå betre økonomisk styring og innfører difor frå 1. kvartal 2016 kvartalsvis rapportering frå avdelingane til fylkesrådmannen.

Siktemålet med rapporteringa er dels at fylkesrådmannen vil sjå til at avdelingane held seg innanfor vedtekne budsjetttrammer og dels å ha ein møtestad for dialog om utfordringane avdelingane står overfor.

Dette er ei administrativ rapportering, som vil vere eit godt grunnlag for rapporteringar om den økonomiske situasjonen til de ulike politiske organa. Rapportering til politiske organ vil ikkje verta endra, der tertialrapporteringane til fylkestinget er dei viktigaste.

**Ansvar**

Det er kvar einiskild fylkesdirektør som er ansvarleg for sin avdeling og utarbeiding av kvartalsrapporten. Rapporten skal sendast til ansvarlig person i budsjettseksjonen (sjå liste nedanfor) og rapporten vert gjennomgått i møte med fylkesrådmannen.

**Rapporteringsomfang**

Mal for kvartalsrapporteringa ligg ved dette notatet.

Av malen går det fram at sjølve rapporten er kort og ikkje særleg detaljert for kvar einiskild avdeling. Utarbeidinga vil likevel krevja god innsikt i den økonomiske situasjonen for å kunne gje ei god kvalitativ vurdering.

Rapporten fokuserer på den økonomiske situasjonen pr føregåande kvartal i forhold til budsjett. Det skal også utarbeidast ei årsprognose for avdelinga i forhold til budsjett. Fylkesrådmannen ber om at det vert lagt særleg vekt på prognosearbeidet. Dette vert understreka ved at det også skal utarbeidast ei vurdering av «beste» og «verste» utfall. Dette er ikkje ei «vitskapeleg korrekt vurdering», men her skal kvar einiskild avdeling vurdere det sannsynlege utfallet av korleis ein vil koma ut i beste og verste fall.

Alle «vesentlige» avvik må kommenterast og viktige føresetnader som er lagde til grunn for årsprognosen må også utdjupast. Fylkesrådmannen ber også om at «beste» og «verste» økonomiske utfall kort vert kommentert. Kommentaraane i rapporten er utgangspunkt for drøftingane fylkesrådmannen har med dei ulike avdelingane.

Eventuelle spørsmål kan rettast til avdelinga sin kontaktperson i budsjettseksjonen.

### Tidsplan og frist – rapport etter 1. kvartal 2016

|  |        |
|--|--------|
| Månadsavslutting økonomisystemet                       | 12.04  |
| Avdelinga sender kvartalsrapport til Budsjettseksjonen | 22.04  |
| Gjennomgang med Fylkesrådmannen                        | 04.05: |

| Klokkeslett | Avdeling              |
|-------------|-----------------------|
| 0800-0845   | Eigedom               |
| 0845-0945   | Opplæring             |
| 0945-1030   | Regional              |
| 1030-1130   | Samferdsel inkl Skyss |
| 1200-1300   | Tannhelse             |
| 1300-1345   | Kultur og idrett      |

Det vil bli sendt ut møteinnkalling i Outlook.

### Gjennomgang med fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkesdirektørane møter på gjennomgangen av rapporten med tillegg av økonomiansvarlege i avdelinga, slik fylkesdirektøren avgjer.

I tillegg til fylkesrådmannen vil økonomi- og organisasjonsdirektøren, økonomisjefen og ansvarleg kontaktperson ved budsjettseksjonen delta møtet der rapporten vert gjennomgått og drøfta.

### Ansvarlige/kontaktpersoner hos budsjettseksjonen

|             |                |
|-------------|----------------|
| Regional:   | Karl Viken     |
| Tannhelse:  | Karl Viken     |
| Samferdsel: | Karl Viken     |
| Eigedom:    | Nils Vetlesand |
| Kultur:     | Pål A. Kleive  |
| Opplæring:  | Pål A. Kleive  |

### Neste rapportering er pr 2. kvartal og blir i august

### Vedlegg

Eksempel kvartalsrapport  
Mal Kvartalsrapport

Kopi til:

Nils Egil Vetlesand

Ingvar Skeie

Karl Viken

Birthe Andersen Haugen

Rolf Rosenlund

Odd Kenneth Mellingen

Ingrid Birkelund

Astrid Elisabeth Skipenes

Bjarte Molvik

Marit Virkesdal

Cathrine Øvredal Mellingen